



Det nye styret. Frå venstre Jan Erik Olsson, Berit Harriet Døsland, Asbjørn Olsen, Oddbjørn Kroka, Camilla Jensen og Erlend Bjørnebøle. Ragnvald Myklebust var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det nye styret i Uskedalen Utvikling med Asbjørn Olsen som leiar kalla inn til eit utvida styremøte ikveld Bjørn Olav Tveit og Bjarte Døsland møtte frå Dialogforumet og Kristian Bringedal representerte Arbeidsgruppa for kultur, turisme og profilering.**

Dialogforumet har vore aktive i arbeidet med fornying og vidareføring av Festidalen. I tida framover no vil dei ha fokus på kommunevalet-listekandidatar frå Uskedalen og eit ope valmøte i september.

Bringedal orienterte om arbeidet som vert gjort i forkant av sommarsesongen. Kvinnheradmagasinet, informasjon, arrangementsoversikt og guida turar. Nytt i år er at ein ynskjer å samla nyttig informasjon for tilreisande i eit hefte: Velkomen til Uskedalen.

Ein gjengangar på møta er renovasjon og tiltak for å rydda og halda bygda fri for bos. Mindre bosspann på stolpar langs vegen med påskrifta Hald Uskedalen rein kan vera ei løysing. Kva med ein levegg rundt kontainarane ved Gamleskulen?  
SIM vil sei noko om korleis dette kan gjerast.

Etter politisk vedtak skal arbeidet med Stadanalysen ta til i 2012.  
Det er eit omfattande arbeid med ulike arbeidsgrupper. Her vil Uskedalen Utvikling vera ein viktig medspelar.

Styret har faste møte fyrste onsdagen i kvar månad.  
Det er høve ttil å melda inn saker.

Tekst: Kristian Olav Bringedal